

REGULERINGSPLAN BOTNESESET SANDNES I MASFJORDEN KOMMUNE

I arbeidsfasen med reguleringsplanen er det ynskje om at ein innregulerer veg til båthamna som ligg rett utanfor arealet som er avsett i reguleringsplanen. Båt hamn er og viktig for eit godt bumiljø. Den treng og veg fram.

Vegen som vert brukt i dag er ikkje innregulert. Den vart laga på godt initiativ frå gode masfjordingar i 2008, då det ikkje vart jobba fram ei løysing på veg. Masfjordingane tok då dette i eigne hender.

Alle framlegga her har konflikhtar i seg og det må difor jobbast fram det som er til det beste for samfunnet, sjølv om det ikkje samsvarar med alle sine ynskjer.

Viser til kart og innteikningar der.

Alternativ 1 på kart.

Ta vegen til båthamna via det nye skissa boligfeltet bak prestebustaden.

Alternativ 2 på kart.

Vegen som er der i dag, uregulert.

Det bør då gjerast ei endring for å tilbakeføra akebakken. Akebakken vart svært redusert etter den private/kommunale vegutbyggjinga. Grøftekanten er høg og du landar slik at farten avtar og halve bakke må du då skubba deg fram. Trafikk i området når det snør er og ei utfordring allereie i dag og må løysast.

Alternativ 3

Veg på andre sida av elva og same kryss som er innteikna i dag. Samt bru over til parkeringsplassen til båthamna.

Alternativ 4

Ny avkjørsel på sørsida av kolerakirkegården. Stengja nedkjørselen til skulen då ein ikkje vil få avkjørsle på to stader. Her er og areal til at brannbil kjem lettare fram. Det må då og bru over til parkeringsplass til båthamna.

Det er sikkert fleire løysingar. Dette er det som kom fram her.

Mbh

14.09.2023

Klara Villanger